



Karmøy kommune  
Postboks 167  
4291 KOPERVIK  
Att.Peder Christiansen

Kontakt saksbehandlar  
Einar Heegaard, 51568872

## Tildeling for restaureringstiltak på Feøy og Torvastad i Karmøy kommune

Statsforvaltaren i Rogaland tildeler Karmøy kommune kr. 438 000,- for restaureringstiltak av kystlynghei på Feøy og på Torvastad. Det blir tildelt kr. 338 000,- til tiltak på Torvastad og kr. 100 000,- til tiltak på Feøy. Karmøy kommune kan refordle midlane mellom prosjekta etter dialog med Statsforvaltaren. Tiltaket skal omfatte hogst av sitkagran og rydding slik at tradisjonell kystlyngheiskjøtsel kan byrja om att på areala.

Tildelinga blir overført til Karmøy kommune sin konto: 3207 21 63841, og merka med «Naturrestaurering Feøy og Torvastad».

**Vilkår: Det blir levert sluttrapport på kvart av deltiltaka Feøy og Torvastad innan 15. november 2024.**

Statsforvaltaren meldte inn behov for midlar til Miljødirektoratet for restaureringstiltak av kystlynghei på Feøy i Karmøy kommune, for tiltak for å bevare den utvalde naturtypen kystlynghei. Miljødirektoratet vurderte at omfanget av tiltaket var av ein slik karakter at det passer betre som eit restaureringstiltak.

Karmøy kommune arbeid aktivt med restaurering av kystlynghei. I fleire område arbeider dei aktivt med fjerning av sitkagran for å legge til rette for lyngbrenning og beitedrift.

Torvastad (BN00082266) er eit svært viktig kystlyngheiareal. Kommunen, saman med grunneigarlag, starta restaureringsarbeid av kystlyngheia i 2021. Det er eit kostbart prosjekt og det var ikkje midlar nok til å ferdigstille arbeidet med hogst og flising av hogstavfall. Lågaste anbod for arbeidet lyder på kr. 338 000,- i 2021. Dette er eit viktig lokalt igangsett prosjekt som me ønskjer å bidra til for å sikre gjennomføring i 2023 og slutføring i 2024.

Feøy er eit øysamfunn på vestsida av Karmøy. Her er det lange tradisjonar med utmarksbeite og lyngbrenning. Ei vesentleg del av utmarksbeita er registrert som utvald naturtype. Det er derimot bestandar av sitkagran som spreiar seg og fleire av kystlyngheimråda treng fornya kjøtsel og



skjøtselsplanar. Karmøy kommune ønskjer å legge til rette for og ta aktiv del i restaureringsarbeidet. Her er det viktig at det blir laga tiltaksplan for restaureringsarbeidet, og skjøtselsplanar for kystlyngheiareala. Feøy er oppstykk i teigar og fleire av restaureringstiltaka vil være relativt små. Her er det snakk om å fjerne sitkagran frå områder for å redusere frøkjelder. Me vil difor stø eit tilskot til Karmøy kommune på kr. 100 000, så dei kan starta restaureringsarbeidet på Feøy.

Totalt tildeler me kr. 438 000,- som går til kystlyngheirestaurering på Karmøy under leiing av Karmøy kommune som forvaltingsmynde.

Med helsing

Cathrine Stabel Eltervåg (e.f.)  
ass. fylkesmiljøvernsjef

Einar Heegaard  
fagleiar natur

*Dokumentet er elektronisk godkjent*